

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Bergen
Dato: 28.03.2019
Tidspunkt: 11:00 – 15.30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP, gjekk kl. 15.05
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Synnøve Solbakken	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjell Gitton Håland	Synnøve Solbakken	A

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Ronny Skaar	Utviklingssjef Kultur- og idrettsavd
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Direktør eigedomsavdelinga
Katrin Jakobsen	Leiar regionslavd
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar kommunikasjon
Silje Lyngstad	Rådgjevar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Dianne Kilvær	Spesialkonsulent fylkessekretariatet

Sigrid Helene Aardal
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 35/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 36/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 37/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 30/19	Status for spørsmål og oversendelsesforslag pr. 28.03.2019	2015/10348	
RS 31/19	Svar på brev med fråsegn om U-864 utanfor Fedje	2018/17586	
RS 32/19	Invitasjon til Kommunalpolitisk toppmøte 2019	2019/86	
RS 33/19	Status handlingsprogram regional plan for folkehelse	2019/681	
RS 34/19	Tillitsvaldordningen for Forsvaret ynskjer vernepliktspris på kollektivtransport	2019/1627	
RS 35/19	Tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar – tildeling av midlar 2018	2014/23709	
RS 36/19	Styrking ruteproduksjon - status	2014/278	
RS 37/19	Rapportering om matsvinnarbeidet i HFK våren 2019	2018/9750	
RS 38/19	Årsmelding 2018 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2017/485	
RS 39/19	Årsrapport Varslingsutvalet Hordaland fylkeskommune 2018	2019/336	
RS 40/19	Konkurransenutsetting av snøggbåtsambandet Turistrute Hardanger	2019/2745	
RS 41/19	Takk frå Krafttak mot kreft	2018/8133	
RS 42/19	Vedr.: 17/4698-13 Nytt inntekssystem for fylkeskommunane - tilbud om møte	2018/16486	
RS 43/19	Fylkesutvalet i Hordaland	2019/4837	
RS 44/19	Gjeld omorganisering av statens vegvesen	2018/10737	
PS 38/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 6/19	Spørsmål frå Oen - SV - Nye Sotra vgs, ny vurdering av tomt pga utsett Sotrasamband?	2018/11696	
FO 7/19	Spørsmål frå Njærheim - V - påskeruta Eidesvik-Espevær og pendlarrute Leirvik-Bergen	2019/3592	
FO 8/19	Spørsmål frå Njærheim - V - Praksis fråværsreglement vgs	2019/4819	
FO 9/19	Spørsmål frå Oen - SV - miljøengasjement som fråvær vgs	2019/4819	
FO 10/19	Spørsmål frå Oen - SV - nullutslepp på bussar - parallell framføring av bybana Åsane og Fyllingsdalen	2019/2775	
PS 39/19	Ymse		
PS 40/19	Delegerte saker		
DS 1/19	Refinansiering av sertifikatlån 390 mill. kr	2019/1396	
PS 41/19	Rekneskapsrapport pr. februar 2019	2019/2778	

PS 42/19	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 1 - 2019	2019/1432
PS 43/19	Voss vgs - kjøp av landbruksareal	2014/1552
PS 44/19	Utleige av tomt til fleirbrukshus til idrettslag på Voss - gnr. 54 bnr. 5	2014/1552
PS 45/19	Bompengar for låg- og nullutsleppskøyretøy klasse 2	2014/17239
PS 46/19	Søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod	2018/16397
PS 47/19	Søknad om økonomisk tilskot til prosjektet Stad skipstunnel	2015/7
PS 48/19	Regional plan for vassforvaltning - høyring av planprogram og hovudutfordringar for Hordaland og Sogn og Fjordane	2019/316
PS 49/19	Klage over tildeling av ruteløyve til Taxi/Bus Odda AS	2018/14702
PS 50/19	Vidareføring av tiltak for å møte omstillingsutfordringane til industrien i Hordaland	2014/18069
PS 51/19	Utlegging av plandokument for Vest-Viken vassregion for område i Hordaland fylke.	2014/16551
PS 52/19	Utlegging av planprogram og hovudutfordringar for Rogaland vassregion	2019/1894
PS 53/19	Søknad om arrangementsstøtte, handball-landskamp 5. juni	2018/12091
PS 54/19	Søknad frå Fedje kommune om tilskot til forlenging av båtruta i Øygarden	2017/610
PS 55/19	Utviding av bokbåttene til Vestland fylkeskommune	2015/1160
PS 56/19	Høyring av forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland - Hordaland fylkeskommune	2019/1947
PS 57/19	Meld. St. 8 «Kulturens kraft». Høyringssvar til familie- og kulturkomiteen	2019/2492
PS 58/19	Moster 2024. Markering av innføringa av kristenretten i Norge. Handsaming av rapport frå forprosjekt.	2017/2448
PS 59/19	Justert møteplan hausten 2019 etter konstituerande fylkesting for Vestland fylkeskommune	2015/5700
PS 60/19	Uttale til høyringsforslag om endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting	2019/2617
PS 61/19	Konkurransesutsetting av snøggbåtsambandet Turistrute Hardanger	2019/2745

PS 35/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Benthe Bondhus stilte spørsmål om RS 40/19 burde vore ei PS-sak. Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setje RS 40/19 på saklista for møtet utan saksførelegg:

Sak om «Uttale til høyringsforslag om endring av vedtekter for KS – representasjon til Fylkesmøte og Landsting» vart lagt fram i møtet. Utvalet vedtok samrøystes å setje saka på saklista for møtet som vedtakssak.

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend med merknadane over.

PS 36/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalsmøtet 21. og 22. februar 2019 vart godkjend utan merknader.

PS 37/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

RS 30/19-RS 39/19 og RS 41/19-RS- RS 43/19 vart tekne til orientering.

PS 38/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 6/19 Spørsmål frå Oen - SV - Nye Sotra vgs, ny vurdering av tomt pga utsett Sotrasamband?

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Arbeidet med ein ny stor skule på ei tomt som må regulerast tar om lag 5 år inkludert ei byggetid på om lag 2 år. Den nye vidaregåande skulen på Sotra er planlagd ferdig i 2025. HFK vil difor måtte ta ei vurdering om alternativ tomt skal nyttast seinast hausten 2020.»

FO 7/19 Spørsmål frå Njærheim - V - påskeruta Eidesvik-Espevær og pendlarrute Leirvik-Bergen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«1.

Skyss fekk henvending frå Espevær Grendautvalg 13. mars i år med førespurnad om ekstra avgangar med båt til Espevær i påska. Henvendinga vart svart ut 25. mars. Skyss har ein redusert ruteproduksjon på dei fleste transportartar på dei nemnte dagane. Dette er for å kunne sikre eit best mogleg tilbod i den ordinære ruteproduksjonen innanfor dei økonomiske rammene Skyss har. I høve arrangement og liknande får Skyss mange ulike henvendelsar der det er ønske om eit ekstra rutetilbod. Hovudregelen er at Skyss ikkje set opp eit ekstra tilbod i slike samanhengar (utover supplering som allereie er ivaretatt på Espevær sidan fartøyet går ekstraturar dersom attståande på kaien). I mange tilfelle er det ved spesielle arrangement arrangøren sjølv som ordnar ekstra transport. Espevær Grendautval kan på fritt grunnlag ta kontakt med Gulenskyss for ekstra transport i eigen regi.

2.

Då Sunnhordlandsruta vart konkurranseutsett var det stilt krav til 240 passasjerar i både rute 1 og rute 2. Norled la i sitt tilbod inn nybygget M/S «Fjordbris» (240 seter) i rute 1 og M/S «Admiralen» (260 seter med byggjeår 2009) i rute 2. Skyss forhandla seg fram til ei løysing der «Admiralen» går i rute 1 dei dagane det er mest trafikk (måndag, torsdag, fredag og søndag). Skyss betalar ekstra for dette sidan «Admiralen» er dyrare i drift enn «Fjordbris». I realiteten går «Admiralen» i rute 1 måndag, tysdag til kl.1410, torsdag frå kl.1410, fredag, søndag og annankvar laurdag. Av omsyn til kostnader og miljø ser ikkje Skyss grunnlag for å endre ytterlegare på dette. «Fjordbris» er ein nyare båt enn «Admiralen» og Skyss kan ikkje sjå at «Fjordbris» er ein nemneverdig mindre komfortabel båt enn «Admiralen». Med unnatak av eit par tilfeller (sidan 01.01.2014) har det heller ikkje vore kapasitetsproblem dei dagane «Fjordbris» går i rute 1.»

FO 8/19 Spørsmål frå Njærheim - V - Praksis fráværsglement vgs
Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Det vart gjeve slikt svar:

«Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Anne-Beth Nærheim:

«Torsdag 21.03 var det elevar frå vidaregåande skule på Bømlo som gjennomførte klimademonstrasjon utanfor m.a. Bømlo rådhus. Fredag 15.03 var det ein noko større klimademonstrasjon i regionsenteret på Stord med elevar frå fleire Sunnhordlandsskular. Då eg snakka med elevane som arrangerte demonstrasjonen på Bømlo 21.03 så hadde fleire av dei og deltatt på Stord 15.03 og det kom mellom anna fram at det var ulike praksis frå skulane om gyldig eller ikkje gyldig frávær. Sitert frå e post eg fekk frå elevane: Kort sagt: Me på Bømlo vidaregåande skule fekk ikkje noko gyldig fravær. Dei på Stord VGs fekk gyldig fravær. Og til slutt dei på vidaregåande i Kvinnherad fekk gyldig fravær berre om du var i organisasjonen Sosialistisk Ungdom. Har vel ikkje noko meir å tilføye. Må berre spørja vis du lurar på noko. Først vil eg sei at det er flott at ungdom engasjerer seg! Det skal vel ikkje vere ulik praksis på fráværsglanelane? Fint med oppklarande svar på det, takk for hjelp.»

Problemstillinga har vore drøfta i leiargruppa ved opplæringsavdelinga, og fylkesdirektør opplæring har sendt ut desse retningslinene til skulane 4. mars 2019:

«Vi har fått spørsmål om registrering av frávær i samband med markeringa til klimaopporet.no 14. mars. Slik vi tolkar regelverket (forskrifta), er det berre politiske verv som gjev rett til godkjent frávær, ikkje deltaking i politiske aksjonar. Dersom ein skule legg opp til at 14. mars kan brukast som del av eit fagleg opplegg med læringsmål, stiller saka seg litt annleis.»

Spørsmålet frå Anne-Beth Njærheim om skulane sin praksis har vore tatt opp med dei tre vidaregåande skulane som er nemnt i spørsmålet, dvs. Stord, Kvinnherad og Bømlo vidaregåande skular.

Bømlo vidaregåande skule har tatt opp med elevane at skulen støttar engasjementet, og at det er verdfullt å ha engasjerte elevar. Skulen har ført frávær for timane i tråd med avgjerda frå fylkesdirektør opplæring. Informasjon er gitt både munnleg og lagt ut på skulen sine nettsidene i It's learning. Skulen har ikkje hatt eit eige fagleg opplegg knytt til temaet denne dagen.

Stord vidaregåande skule har også lagt ut melding på eigne nettsider i It's learning om at deltaking i politiske aksjonar ikkje gir godkjent frávær, men at saka stiller seg annleis dersom faglærar legg opp til fagleg innhald med læringsmål denne dagen. Stord vgs gjennomførte eit berekraftprosjekt i veke 7 og 8; eit arbeid som famna om FN sine berekraftsmål, med stor oppslutting både internt på skulen og i lokalsamfunnet. Då streiken var, opplevde skulen liten pågang frå elevane for å ta del i den.

Elevane på Kvinnherad vidaregåande skule (KVV) er alle handsama likt alt etter om dei har delteke i demonstrasjonen eller ikkje. For dei som deltok i klimademonstrasjonen 15.03 eller 21.03 vart det registrert ordinært frávær. I tillegg skal det vere ein klimaaksjon på skulen 28.03. Det har vore mogleg å søke sjølvstendig studiearbeid denne dagen og få det innvilga av kontaktlærar dersom pålagd arbeid vert levert. Grunnen til at elevane får høve til å ha sjølvstendig studiearbeid ved deltaking i denne aksjonen, er at arrangementet som er planlagt av aksjonsgruppa ved Kvinnherad vgs skal vera på skulen. Gruppa har invitert inn politikarar m.m. til klimaaksjon i skulekantina. Det vert mellom anna debatt, byttetasjonar og andre innslag med fokus på kva som kan førebygge klimaendringar. Skulen har vurdert arrangementet til å vera noko meir enn ein «klimastreik», i tråd med avgjerda til fylkesdirektør opplæring.»

FO 9/19 Spørsmål frå Oen - SV - miljøengasjement som frávær vgs
Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Det vart gjeve slikt svar:

«Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Aud Karin Oen:

«22. mars tok tusenvis av born og unge til gatene for ei betre framtid i heile Noreg. «Me har berre ein klode», var ein av parolane. Dette engasjementet vert etter det eg forstår ført som ulovleg frávær i den vidaregåande skulen i Hordaland, medan t.d. Bergen kommune ikkje gjer det.

Kva tenkjer fylkesordføraren om at dette miljøengasjementet vert ført som frávær, og er det mogleg å gjera noko med dette?»

Hausten 2016 vart det innført fráværsgrense i den vidaregåande skulen. Regelverket for fráværføring finn ein i rundskriv UDIR 3-2016 fráværsgrensa. Med utgangspunkt i regelverket sende fylkesdirektør opplæring i mars ut følgjande melding til dei vidaregåande skulane i HFK:

«Slik vi tolkar regelverket (forskrifta), er det berre politiske verv som gjev rett til godkjent frávær, ikkje deltaking i politiske aksjonar.

Dersom ein skule legg opp til at 14. mars kan brukast som del av eit fagleg opplegg med læringsmål, stiller saka seg litt annleis.»

Utdanningsdirektoratet har svart slik på ein førespurnad frå ein anna fylkeskommune i mars 2019 om fráværføring i samband med klimademonstrasjonar:

«Vi viser til deres spørsmål om deltaking i klimademonstrasjon i skoletiden vil kunne regnes som «politisk arbeid». Dokumentert politisk arbeid kan unntas fra fráværsgrensen og fra føring på vitnemålet etter forskrift til opplæringsloven § 3-47 jf. § 3-3. Politisk arbeid vil typisk være deltaking i kommunestyre eller arbeid for et parti, men det finnes ikke nasjonale retningslinjer for hva som vil omfattes av begrepet. Det er ikke ønskelig at alt arbeid av politisk karakter skal omfattes av begrepet, særlig arbeid som lett kan gjøres utenfor skoletiden. Tidligere Kunnskapsminister Rø Isaksen har svart på et skriftlig spørsmål om politisk streik i Stortinget. Politisk streik vil vanligvis ikke regnes som politisk arbeid, men dette vil kunne avhenge av den enkelte elevens rolle. Dette må vurderes lokalt. Dersom skolene godtar elevstreik som dokumentert frávær uten å gå inn i den enkelte elevens rolle, vil dette ikke være i tråd med reglene. Dette vil også gjelde den varslede nasjonale klimademonstrasjonen i 22. mars.»

Fráværføring ved politiske demonstrasjonar vart også diskutert i forum for fylkesutdanningsdirektørar førre veke. Alle fylkesdirektørene er samde om at i utgangspunktet skal alt frávær førast. Skulen ved rektor må i det einskilde høve gjere ei vurdering om eleven si rolle kan definerast som politisk arbeid. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg å vere medlem i eit politisk parti for å få dokumentert frávær under streik.

Når det gjeld elevane frå Bergen kommune så går dei på ungdomsskulen. Ungdomsskulen er underlagt eit anna regelverk for fráværføring.»

FO 10/19 Spørsmål frå Oen - SV - nullutslepp på bussar - parallell framføring av bybana Åsane og Fyllingsdalen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Miljøkrav til taxinæringa og kommersielle bussruter.

«Til møte i MISA den 6. juni 2018 vart det lagt fram ei meldingsak der ein gjorde greie for ein føreståande prosess for innføring av miljøkrav i drosjenæringa.

I 2017 vedtok Stortinget ei endring i yrkestransportlova § 9 fjerde ledd som gjev lokale løyvestyresmakter heimel til å stille miljøkrav til drosjenæringa for å redusere miljøskadelege utslepp. Det følgjer av § 9 fjerde ledd at:

"Løyvestyresmakta kan gje påbod om at drosjekøyring etter første ledd skal drivast med motorvogn som har ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle

krava. Løyvestyresmakta fastset forskrift om den øvre grensa for miljøskadeleg utslepp." (vår understreking)

Løyvestyresmakta kan difor i lokal forskrift fastsette grenser for miljøskadelege utslepp gjennom krav til at drosjekøyring må skje med låg- eller nullutsleppskøretøy. Fastsette krav må ha ei overgangstid på minimum fire år.

Samferdselsavdelinga har utarbeida ein rapport som greier ut fylgjene av å innføra krav om null- eller lågutslepp for drosjenæringa. Denne rapporten er no på høyring hjå drosjesentralane og andre involverte. Det vert teke sikte på å leggja fram sak for fylkestinget hausten 2019 om innføring av utsleppskrav til drosjenæringa.

Nullutsleppssone i Bergen

Nullutsleppssone for store køretøy er eit av måla i Grønn strategi for Bergen kommune 2030. Det vert arbeid med eit pilotprosjekt i nokre utvalde gater i Bergen sentrum. Det er uklart når eit slikt tiltak kan setjast i verk i full skala, og det er og uklart om ei eventuelt nullutsleppssone skal omfatta bussar i rute.

Det er Bergen kommune som har ansvar og mynde til å innføra nullutsleppssone. Når tilhøva ligg til rette for å innføra el-bussdrift i Bergen i det subsidierte rutetilbodet, skulle det reint teknisk ikkje vera noko i vegen for å gjera det same for ein del av det kommersielle rutetilbodet. Det kommersielle rutetilbodet er delt i to kategoriar; korte ruter som flybussen, sightseeingruter og IKEA-bussen, og langruter som omfattar ei rekkje fylkeskryssande bussruter. For sistnemnde kategori vil truleg el-drift liggja noko fram i tid.»

Spørsmål om parallell framføring av bybana til Fyllingsdalen og Åsane

«For å kunna starta opp med prosjektering og utbygging av bybane til Åsane samstundes med det pågåande arbeidet til Fyllingsdalen, er det i hovudsak to forhold som må vera på plass, i tillegg til finansieringa.

- Ein må ha ein godkjent reguleringsplan for prosjektet
- Prosjekt- og utbyggingsorganisasjonen måtte vore bemanna opp til å ta to store prosjekt samstundes.»

PS 39/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Orienteringar

Hordaland Teater – inn i ei ny tid
v/teatersjef Solrun Toft Iversen og styreleiar Pål W. Lorentzen.

Åpen time.

Roald Kvamme (A) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkerådmannen:

«Klimastreiken

Torsdag 14. og fredag 22.mars mobiliserte fleire tusen skuleelevar til klimastreik. Kravet frå ungdomane er klart og tydeleg, dei forventar at det vert tatt ansvar for å få ned klimagassutsleppa. Vi må gjera endå meir enn i dag for å nå 1,5-gradersmålet, og difor er det inga overrasking at ungdomane stille krav til dagens politikarar og andre som kan medverka til det grøne skiftet og ei berekraftig utvikling.

Elevdemokrati og ungdomsmedvirkning er viktig for Hordaland fylkeskommune. Det er ei målsetting at ungdomar skal kunne delta i politisk arbeid og påverka politiske prosessar. Derfor er det uheldig at dagens nasjonale fraværeregler vert opplevd som lite fleksible og at det legg avgrensingar på dei unge sitt engasjement. Sjølv om det finnes ei rekkje saker som ungdom engasjerer seg i, er klimakampen i ein eigen kategori. Det vil vera vanskeleg å

skulla skilja mellom ulike saker og aktivitetar men det er liten tvil om at klimakampen er ei av dei viktigaste sakene for ungdom i åra som kjem.

Fylkesutvalet vil oppmoda dei vidaregåande skulane om å leggja til rette for at elevane kan engasjera seg i viktige samfunnsspørsmål og at ein syner fleksibilitet ved praktiseringa av fráværreglane. Når det gjeld dei aktuelle markeringane så bør ein kunna finna ei løysing slik at elevar som deltok her ikkje vert registrert med fråver.

Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak om dette til neste møte.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling

Roald Kvamme (A) sette fram slikt oversendingsforslag til kontrollutvalet:

«Fylkeskommunen sine anskaffelsesprosesser skal gjennomførast slik at verksemder som medverka til å oppfylle kontraktar for fylkeskommunen følgjer det regelverket som er fastsett.

Det vert bedt om ei sak der ein får ein gjennomgang av nokre utvalde ferjeandbod om korleis kontrakten og anskaffelsar er gjennomført i høve til regelverket og korleis ein fylgjer opp dei ulike krava i kontraktsperioden.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

PS 40/19 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

DS 1/19 – Refinansiering av sertifikatlån 390 mill.kr vart teken til orientering.

PS 41/19 Rekneskapsrapport pr. februar 2019

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2019 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2019 til orientering.

PS 42/19 Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 1 - 2019

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygg/rehabilitering	26 950 000	
10	777.025.00	02300	00209	Universell utforming – Dokumentasjon	1 500 000	
10	628.020.00	02320	02173	Odda vgs – Universell utforming	4 500 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		32 950 000
				32 950 000	32 950 000	

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 12.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygg/rehabilitering	26 950 000	
10	777.025.00	02300	00209	Universell utforming – Dokumentasjon	1 500 000	
10	628.020.00	02320	02173	Odda vgs – Universell utforming	4 500 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		32 950 000
				32 950 000	32 950 000	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygg/rehabilitering	26 950 000	
10	777.025.00	02300	00209	Universell utforming – Dokumentasjon	1 500 000	
10	628.020.00	02320	02173	Odda vgs – Universell utforming	4 500 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		32 950 000
				32 950 000	32 950 000	

PS 43/19 Voss vgs - kjøp av landbruksareal

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 54 bnr. 4 i Voss kommune, med unntak av tunet og ein skogteig på 8,3 da, for kr 1.825.000. Kjøpesummen, samt tilhøyrande kostnader med kr 50.000, vert finansiert ved bruk av Voss vgs sine fondsmidlar.
2. Budsjettet for 2018 vert endra som følgjer

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	668.020.00	02800	02174	Voss vgs – kjøp av landbruksareal	1 875 000	
10	668.020.00	09400	02174	Voss vgs – bruk av fond		1 875 000
				1 875 000	1 875 000	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Helge Nævdal (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er tilsett ved Voss vidaregåande skule og hadde hatt med saka å gjera der. Nævdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at helge Nævdal var inhabil etter kommunelova § 40 tredje ledd bokstav b.

Helge Nævdal gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 54 bnr. 4 i Voss kommune, med unntak av tunet og ein skogteig på 8,3 da, for kr 1.825.000. Kjøpesummen, samt tilhøyrande kostnader med kr 50.000, vert finansiert ved bruk av Voss vgs sine fondsmidlar.
2. Budsjettet for 2018 vert endra som følgjer

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	668.020.00	02800	02174	Voss vgs – kjøp av landbruksareal	1 875 000	
10	668.020.00	09400	02174	Voss vgs – bruk av fond		1 875 000
				1 875 000	1 875 000	

PS 44/19 Utleige av tomt til fleirbrukshus til idrettslag på Voss - gnr. 54 bnr. 5

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagt avtale om langtidsleige av grunn.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagt avtale om langtidsleige av grunn.

PS 45/19 Bompengar for låg- og nullutsleppskøyretøy klasse 2

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet legg til grunn at det vert innført 50 % takst for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 ved bompengeprojekt i Hordaland.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, SV, A og SP fram slik fellesforslag:

«Alternativ:

1. Fritaket for bompenger for hydrogenbiler, utsleppsfrie varebiler og lastebiler som har vore til no vidareførast (i minst 5 år, fram til 2025).
2. Det vert innført ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast i samheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyer i Norge. Tilsvarende skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebiler kan inkluderast i klimaklasse så snart som mogleg.»

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av H, FrP, V og MDG fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet legg til grunn at det ikkje vert krevd inn avgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 før 2025 i bompengeprojekt i Hordaland.»

Byrknes og Ryssdal trekte forslaga.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF, Sp, V, MDG, H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fritaket for bompenger for nullutsleppskøyretøy slik som hydrogenbiler, utsleppsfrie varebilar og lastebilar som har vore til no, vert vidareført i minst 5 år, fram til 2025.
2. Det bør innførast ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast i samheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyar i Noreg.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF, Sp og V fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt til alternativt forslag:

Tilsvarende skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebilar kan inkluderast i klimaklasse så snart som mogleg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Hammer sitt forslag til alternativ vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt tilleggspunkt fekk 9 røyster (SV, A, KrF, Sp, og V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fritaket for bompenger for nullutsleppskøyretøy slik som hydrogenbiler, utsleppsfrie varebilar og lastebilar som har vore til no, vert vidareført i minst 5 år, fram til 2025.
2. Det bør innførast ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast på i samheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyar i Noreg.
